

Evaluering av ABM-utvikling: DFI rapport 2008:9

Høyringsvar frå biblioteka i Hol, Ål, Hemsedal, Gol og Nes

Hallingdalsbiblioteka har i møte 22.08.08, sak 41/08, hatt *Evaluering av ABM-utvikling* til handsaming. Det vart vedtatt å sende eit felles høyringsvar.

Vi ser på ABM-utvikling som eit viktig organ, og vi sluttar oss til konklusjonen i DFI-rapporten om at ABM har utført mange av dei pålagte oppgåvene tilfredsstillande. Men vi har inntrykk av at organisasjonen er noko tungrodd. Målsettinga for ei samanslåing av tre fagsektorar har mellom anna vore å styrke samarbeidet over faggrenser og sektorar. Både arkiv, museum og bibliotek er fagområde som ligger til rette for eit tverrsektorielt samarbeid. Det har kanskje vore eit noko ambisiøst ønske om at ABM-utvikling kunne bli eit effektivt og rasjonaliserande organ.

Det er svært mange oppgåver som skal utførast. Vi meiner ressursane er for knappe. Det manglar middel til å få gjennomført fleire ønskjelege tiltak m.a. fleire forsøks- og utviklingsoppåver, og sume forsøks- og utviklingstiltak får for dårleg oppfølging. Vi syns også at forvaltningsoppgåvene blir skadelidande på grunn av personalmangel. Ubesette stillingar og til dels gjennomtrekk av tilsette kan føre til sein sakshandsaming — og/eller at oppgåver må vente.

Hallingdalsbiblioteka er betenkt over at ABM-utvikling skal vere utviklingsaktør. ABM skal først og fremst legge til rette for utvikling i sektoren, men det må vere sektoren sjølv som er aktør. I arbeidet med norsk digitalt bibliotek er ABM både utviklar og aktør.

Som DFI-rapporten og informantinformasjonen seier, må samarbeidet med Nasjonalbiblioteket bli betre. Til tider synest det som om det er ein profesjonskamp mellom ABM og Nasjonalbiblioteket. Ansvarsfordelinga må klargjerast og samarbeidet bli betre. Dobbeltrolla nasjonalbibliotekaren har som leiar i Kulturrådet, synest vi ikkje er ei heldig løysning.

Dessutan meiner vi at bibliotek har fått for liten plass i evalueringsrapporten og i sume tilfelle også i ABM-organisasjonen. Skole- og kombinasjonsbibliotek er ikkje nemnt i rapporten trass i at ABM også her spelar ei viktig fagleg rolle.

Rapporten analyserer i liten grad kvifor biblioteksektoren har ei litt negativ haldning til ABM. Vi meiner at biblioteksektoren har tapt på samanslåinga av Riksbibliotektenesta og Statens bibliotektilsyn og oppretting av ABM. Elles registrerer vi at konsolideringa i museumssektoren, som ABM også arbeidar for, ikkje alltid slår positivt ut.

Avslutningsvis meiner vi at det er prisverdig at KKD har ønskt ei evaluering av ABM-utvikling. No håpar vi at biblioteka vil kome styrka ut av evalueringa.

Geilo, 29.09.2008

For Hallingdalsbiblioteka

Håkon Arnljot Sukke